



VANG KOMMUNE

Rådmannskontoret

Finansministeren

Dykkar ref.:

Vår ref.:

TVEANN - 17/1497

Arkiv:

232,

Vår dato:

17.03.2017

Høring av forslag om innsyns- klage og søksmålfrist for kommunane i skattesaker om verdsetting av kraftanlegg

Vedlagt følger utskrift frå møte i Vang formannskap 09.03.17.

Med helsing

Anne Kari Tveit Søndrol

Saksbehandlar/sekretær

Dir. tlf.: 61369410

E-mail:anne-kari.sondrol@vang.kommune.no

Side 1 av 3

SAKSFRAMLEGG UTVALGSSAK

Behandla av	Møtedato	Saksnr.	Saksansvarleg
Formannskapet	09.03.2017	010/17	THUREI

ArkivsakID	JournalID	ArkivID	Saksbehandler
16/703	17/1120	232,	Reidar Thune

Høyring av forslag om innsyns- klage og søksmålsrett for kommunane i skattesaker om verdsetting av kraftanlegg

Vedlegg:

Dok. dato	Tittel	Dok.ID
28.02.2017	Høyring av forslag om innsyns- klage og søksmålsfrist for kommunane i skattesaker om verdsetting av kraftanlegg	102971
28.02.2017	høyringsnotat	102972
02.03.2017	høyringsuttalelse	103033

Saksopplysninger:

Med høyringsbrev datert 08.12.2016 har finansdepartementet sendt ut forslag om innsyns-klage- og søksmålsrett for kommunane i skattesaker om verdsetting av kraftanlegg.

Høyringsfristen er 08.03.2017.

Dei nye reglane blir å finne i skatteforvaltningslova.

Høyringsbrev, høyringsnotat frå finansdepartementet og høyringsuttale frå Landssamanslutninga av vasskraftkommunar, (LVK) ligg som vedlegg i saka og rådmannen syner til desse.

Vurdering:

Dette er ei svært viktig sak for dei fleste LVK- medlemmer, herunder Vang. Medlemsorganisasjonen har teke initiativ og vore ein aktiv pådrivar over år for å betre partsstillinga til kommunane i sentrale spørsmål om innsynsrett, klagerett og søksmålsrett ved verdsetting av kraftanlegg som skjer i regi av sentralskattekontoret for storbedrifter. Det er

svært positivt at det no ligg føre eit forslag om å heimle desse rettane for kommunane i lovs form.

LVK har utarbeidd ein grundig og god høyringsuttale. Rådmannen gjer framlegg om å slutte seg til den uttalen.

Framlegg til vedtak:

Vang formannskap er svært god tilfreds med at det ligg føre forslag om endring av skatteforvaltningslova som heimlar innsyns- klage- og søksmålsrett for kommunane i saker om verdsetting av kraftanlegg.

Formannskapet sluttar seg fullt ut til vedlagde høyringstuttale frå LVK.

Saka vart behandla i Formannskapet 09.03.2017

FS-010/17 Vedtak:

Som framlegget, samrøystes.